

**År 2025, den 29. april vart det halde ordinær generalforsamling i
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA på Park Hotel
Vossevangen/Teams kl. 17.30.**

Styreleiar Stein Kvarekvål, som møteleiar, ynskte vel møtt.

Sak 1: Registrering

Det var frammøtt **43** personar som representerte **534.570** aksjar og **246** røyster.

I tillegg var det 2 person med talerett utan røysterett.

Innkalling til generalforsamling med saksliste datert 7. april 2025 var utsendt til alle aksjeeigarar med kjend adresse.

Det var ingen merknad til innkalling og saksliste.

Til å underskriva protokollen vart Torunn Langmyhr Ringheim vald i tillegg til møteleiar.

Til teljekorps på generalforsamlinga vart adm. banksjef Stig Gunnar Røthe og økonomisjef Bård Gjerde valde.

Møteleiar orienterte om den praktiske gjennomføringa av røystinga.

Sak 2: Orientering om årsrekneskapen for 2024

Adm. banksjef Stig Gunnar Røthe orienterte om årsrekneskapen for 2024 og den finansielle situasjonen gjennom året. Han svara også på spørsmål frå deltakarane.

Sak 3: Godkjenning av årsrekneskapen for 2024, herunder nærare opplysningar om føretaksstyring etter allmennaksjelova § 5-6, og utdeling av utbytte

Møteleiar synte til stadfesting frå styret og adm. banksjef på side 73 i årsmeldinga, samt redegjørelse for føretaksstyring side 14 i samsvar med regnskapslova § 3-3 b, jf. allmennaksjelova § 5-6 (5)

Møteleiar orienterte om den framlagde reine revisjonsmeldinga, og synte til side 76-80 i årsmeldinga.

Det var ingen merknader til meldingane.

Møteleiar gjorde fylgjande framlegg av styret sitt forslag til vedtak:

 TLR

«Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024 vert godkjend og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om. Kr 16,50 pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 29. april 2025.»

Det var ingen merknader.

Vedtak:

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024 vert godkjend og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om. Kr 16,50 pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 29. april 2025.

Sak 4: Val i samsvar med vedtektene § 3 – 3

Leiar i valnemnda, Anders Ullestad, orienterte om og grunngav nemnda sitt arbeid. I valnemnda til generalforsamlinga i 2025 har vore Anders Ullestad, (leiar), Egil Mørkve, Hilde Magnusson og som fast møtande varamedlem Ingjerd Skogseid.

Val av nestleiar i styret for 2 år

På val sto: Nestleiar i styret siviløkonom Kathrine Løno Lahlum

Valnemnda sitt framlegg: Ny nestleiar revisor Marita Østrem

Innan tidsfristen 1. februar 2025 var det ikkje kome inn framlegg på andre kandidatar, og ovannemnde vart vald.

Val av fast medlem i styret for 2 år

På val sto: Pensjonist Olav Seim

Valnemnda sitt framlegg: Nytt styremedlem dagleg leiar Gunvall Medhus

Innan tidsfristen 1. februar 2025 var det ikkje kome inn framlegg på andre kandidatar, og ovannemnde vart vald.

Val av 2 varamedlemer til styret for 1 år i prioritert rekkefylgje

På val sto: Revisor Marita Østrem og dagleg leiar Gunvall Medhus

Valnemnda sitt framlegg:

1. Nytt varamedlem siviløkonom Asgeir Løno
2. Nytt varamedlem jurist Ida Blomhoff Pedersen

Innan tidsfristen 1. februar 2025 var det ikkje kome inn framlegg på andre kandidatar, og ovannemnde vart valde.

Val av valnemnd til generalforsamlinga i 2026

Valnemnda til generalforsamlinga i 2025 har vore:

Anders Ullestad (leiar), Egil Mørkve (medlem), Hilde Magnusson (medlem) og Ingjerd Skogseid (varamedlem.)

Valnemnda sitt framlegg på ny valnemnd:

Attval på : Anders Ullestad (leiar), Egil Mørkve (medlem), Hilde Magnusson (medlem) og Ingjerd Skogseid (varamedlem.)

Det var ingen andre framlegg.

Dei vart valde.

Sak 5 Fornyng av fullmakt til kjøp av egne aksjar

Adm. banksjef Stig Gunnar Røthe orienterte om saka.

(Etter Allmennaksjelova § 9 - 4 måtte to tredelar av så vel dei avgjevne røystene som av den aksjekapitalen som var representert på generalforsamlinga røysta for dette vedtaket, for at det skal gjelda.)

Det vart røysta over fylgjande framlegg til vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til å kjøpa egne aksjar i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA med pålydande inntil kr 111.025,- fordelt på 22.205 aksjar, tilsvarande 1 % av aksjekapitalen. Det lægste og høgste beløp som kan betalast for aksjane skal vera høvesvis kr 250,- og kr 500,-. Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA står fritt innanfor denne fullmakta til å kjøpa og selja aksjar på den måten styret finn best. Fullmakta er gyldig fram til neste ordinære generalforsamling.»


Framlegget vart vedteke.

Sak 6 Fornyng av fullmakt til vedlikehald av ansvarleg lånekapital

Adm. banksjef Stig Gunnar Røthe orienterte om saka.

Det vart røysta over fylgjande framlegg til vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til nyteikning, utviding av eksisterande eller innfriing og/eller tilbakekjøp av ansvarleg lånekapital og/eller fondsobligasjonar i banken. Samla beløp på ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonar i banken vert i denne fullmakta sett til maksimum 50 % av banken sin eigenkapital, noko som pr. 31.12.2024 er 387 mill. kr. Ved eventuell fornyng, utviding eller reduksjon av ansvarleg lånekapital eller fondsobligasjonar, skal ordninga om naudsynt godkjennast av Finanstilsynet. Styret i banken får fullmakt til å vedta vilkår for låna, og skal syta for at låna vert godkjend som teljande ansvarleg kapital. Fullmakta er gjeldande fram til neste ordinære generalforsamling.»



Framlegget vart vedteke.

- Sak 7 Fastsetjing av godtgjersle for utført revisjon i 2024**
Frå revisjonsselskapet RSM Norge AS låg det føre faktura for utførte tenester i 2024.

Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak om:
«Honorar for lovpålagd revisjon og andre attestasjonstenester inkl. mva vert fastsett til totalt kr 1.040.000,-»

- Sak 8 Revidering av satsar for godtgjersle til tillitsvalde**
Leiar i valnemnda, Anders Ullestad, orienterte om grunnlaget og vurderingane knytt til revidering av satsar for godtgjersle til tillitsvalde.

Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak om:
«Det vert fylgjande nye satsar for godtgjersle frå 1. mai 2025:
Styreleiar – ny sats pr. år kr 250.000. Nestleiar i styret – ny sats pr. år kr 145.000. Styremedlem – ny sats pr. år kr 115.000. Varamedlem til styret – ny sats pr. år kr 115.000. Valnemnda kr 2.750 pr. møte pr. deltakar.»

- Sak 9 Godkjenning av rapport for godtgjering til leiande personar**
Styreleiar, Stein Kvarekvål, orienterte om framlagde rapport om godtgjering til leiande personar og bakgrunnen for denne saka.

Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak om:
«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA godkjende framlagde rapport for godtgjering til leiande personar.»

- Sak 10 Revidering av retningslinjer for fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande personar**
Styreleiar, Stein Kvarekvål, orienterte om dei reviderte retningslinjene.


Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak om:
«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA vedtek framlagde reviderte retningslinjer for fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande personar.»

- Sak 11 Styret si erklæring om fastsetjing av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette**
Møteleiar orienterte om saka, og viste til side 74 og 75 i årsmeldinga.
Fylgjande vart samrøystes vedteke:




«Generalforsamlinga tek møteleiaren si orientering til etterretning, og sluttar seg til retningslinjene i si rådgjevande avstemming.»

Møteleiar takka for frammøte og heva møtet.



Møteleiar
Stein Kvarekvål



Torunn Langmyhr Ringheim